

KVINNHERAD KOMMUNE

Fellestenester

Politisk sekretariat

2006/3847

10.12.2008

Vedlegg til sakliste – kommunestyremøte 04.02.2010

SAKLISTE

<u>Saksnr</u>	<u>Innhald</u>	
PS 2010/1	Godkjenning av møteprotokoll	
PS 2010/2	Budsjettrammer og forventningsbrev 2010.	Vedlegg
PS 2010/3	Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde - høyring	
PS 2010/4	Busetting av flyktningar i Kvinnherad kommune i 2010	Vedlegg
PS 2010/5	Godkjenning av reguleringsplan - Opsanger - Husnes - Kvinnherad kommune	Vedlegg
PS 2010/6	Søknad om fritak frå politiske verv	Vedlegg
PS 2010/7	Søknad om permisjon frå politiske verv.	Vedlegg
PS 2010/8	Sunnhordland Folkehøgskule- Søknad om garanti for lån	Vedlegg
PS 2010/9	Sjølvkostanalyse etter sak 2009/79 Kommunestyret	Vedlegg
PS 2010/10	Delegasjon av mynde etter Lov 2005-06-17 nr 101: Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) m/forskrifter	ikkje vedlegg
PS 2010/11	Varme basseng Halsnøy	ikkje vedlegg

K. sak 2



Rådmannen - Ølve oppvekstsenter

Vår ref: 2009/2381

Dato: 09.01.2010

Til: Kjell Odd Nygård

Frå: Anne Fosse

Notat gjeld: Forventningsbrev 2010 Ølve oppvekstsenter

Ramme:

Ølve oppvekstsenter er tildelt ei ramme på 4 350 000kr. Ramma skal nyttast til å drive skule, skulefritidsordning og barnehage i samsvar med gjeldande lover og forskrifter og denne forventningskontrakten.

Brukarresultat:

Ramma skal gje eit forsvarleg tilbod til 47 elevar, 17 barni SFO og 19 barn i barnehagen i vårhalvåret 2010. Til hauseten vert det truleg to færre elevar på skulen, same tal på barn i SFO og barnehage. Barnehagen slit med å få plass til alle søkarane.

Ramma for skulen er ei framskeven ramme. Dette kan by på utfordringar sidan vi har fått ein ny minoritets språkleg elev . Hans behov for språkopplæring er ikkje teke omsyn til ii tildelt budsjett. Han kom til skulen i januar 2010.

Satsningsområdet for barnehagen er innføring av den nye rammeplanen med særleg fokus på:

- Kunst, kultur og kreativitet
- Nærmiljø og samfunn

Satsningsområdet for skulen er betre læringsmiljø. Dette arbeider vi med ved å setje fokus på elevane si haldning til eige arbeid, bruk av digitale verktøy, betre læringsutbytte og god trivsel. Halde fram med å oppnå gode resultat på sentrale testar. Skulen ligg over kommunale og nasjonale snitt på til dømes nasjonale prøver.

Medarbeiderresultat:

Ølve oppvekstsenter arbeider aktivt for å vere ein trygg og god arbeidsplass. Med fokus på eit godt psykososialt arbeidsmiljø , god oppfølging av sjukemelde , støtte til vidare utdanning og utvikling. Grunnlaget for dette arbeidet er oppfølging av trivselsundersøkingar og medarbeidersamtalar.

Nøkkelresultat:

Verksemda vil arbeide kontinuerleg for å halde tildelt ramme.



Rådmannen - Malmanger skule

Vår ref: 2009/2381

Dato: 06.01.2010

Til: Kjell Odd Nygård

Frå: Ingvill Gåsemyr Sæberg

Notat gjeld: Forventningsbrev - Malmanger oppvekstsenter 2010

Malmanger oppvekstsenter er følgjande tre einingar:
Malmanger skule, Mauranger skule og Mauranger barnehage.

1. Økonomisk ramme

- Forventninga er å driva skule og barnehage innanfor dei økonomiske rammene, på ein god måte og etter gjeldande lover.

Total ramme for Malmanger oppvekstsenter er kr. 13 950 000,-.

Ramma for Malmanger skule er kr. 11 570 000,-. For Malmanger skule er budsjetttramma auka frå 2009 med om lag kr. 700 000. Dette er i hovudsak til løn, men gjeld også auke i utgifter til straum og andre faste gebyr.

Ramma for Mauranger skule er kr. 1 820 000,-. For Mauranger skule er budsjetttramma auka frå 2009 med om lag kr. 500 000,-. Dette er i hovudsak til løn fordi skulen har elevar fordelt på fire ulike steg og soleis har to klassar frå og med skuleåret 2009/10.

Ramma for Mauranger barnehage er kr. 560 000,-.

Det er ikkje høve til store investeringar ut over det mest naudsynte i 2010.

2. Brukarar

- Forventninga er at Malmanger oppvekstsenter står fram som *ei eining* og gir alle borna knytt til oppvekstsenteret eit stabilt og trygt barnehage/skule- og læringstilbod i sin kvardag.
- Forventninga er at alle elevane ved Malmanger oppvekstsenter arbeider med fokus på det faglege, det sosiale, det kreative og det fysiske læringsmiljøet sitt.
- Forventninga er at resultat i høve nasjonale prøvar på 5.steget, obligatoriske kartleggingsprøvar på 1.trinnet, 2.trinnet og 3.trinnet ligg over, eller på nivå med landsgjennomsnittet.
- Forventninga er at resultat av den obligatoriske elevundersøkinga på 7.steget syner at elevane har eit godt læringsmiljø på skulane våre.
- Forventninga er at samarbeidet heim – skule er eit prioritert område i 2010.

Totalt er det 172 born knytt til Malmanger oppvekstsenter.

Oppvekstsenteret har visjonen "Med miljø i tankane". Vi vil framleis leggja til rette for utviklingsarbeidet vårt, og ynskjer at det vi brukar tid og ressursar på i 2010, er i tråd med vår visjon. Det vil seie fokus på det faglege, det sosiale, det kreative og det fysiske læringsmiljøet. Vi vil ha særleg fokus på miljøvern lokalt og globalt.

Malmanger skule har 142 elevar fordelt på 1.-7.steg. Elevtalet er noko lågare enn i fjor. Mauranger skule har 18 elevar fordelt på 1.-3.-4.-og 5.steg. Elevtalet ved Mauranger skule er svakt stigande og det er 22 elevar frå og med hausten 2010. Mauranger barnehage har 12 barn i barnehagen ved årskiftet 2009/10.

3. Medarbeidarane

- Forventninga er at alle tilsette ved Malmanger oppvekstsenter har ein medarbeidarsamtale i løpet av 2010.
- Forventninga er at verksemdsleiar tek omsyn til informasjon som kjem fram og set i verk tiltak som held vedlike eller aukar trivnaden hjå den einskilde arbeidstakar.
- Forventninga er at alle tilsette brukar kommunikasjonsreglane for å halda vedlike og betra det gode arbeidsmiljøet.
- Forventninga er at det skal leggjast auka vekt på undervisningsrelaterte oppgåver, fagleg oppfølging av våre elevar, faglege møter og kompetanseutvikling. Det skal leggjast til rette for dette når det gjeld tidsbruk og ressursar elles.

4. Samfunn

- Forventninga er at samarbeidet med verksemder, organisasjonar og andre i nærmiljøet held fram. Vi skal vera synlege og positive bidragsytarar i bygdene.


5. Nøkkelresultat

Målsetjing er å halda god oversikt / kontroll med dagleg drift. Det gjeld både planar, økonomistyring og dei krav som vert sette undervegs.

Rosendal 06.01.10

Venleg helsing

Ingvill Gåsemyr Sæberg
rektor



Rådmannen - Omvikdalen oppvekstsenter

Vår ref: 2009/2381

Dato: 09.01.2010

Til: Kjell Odd Nygård

Frå: Bjørn Rune Bergane

Notat gjeld: **FORVENTNINGSBREV OMVIKDALEN OPPVEKSTSENTER 2010**

Vår visjon er:

Ein trygg og god stad og vera.
Ein framifrå stad å læra.

Eg meiner det er rå å få til dette med den ramma me få i 2010.01.09

Barnehagen får 2,6 million. Dette er ein auke på nesten 0,2 mill, og grunnen er at det er babyboom i dalen. Difor set me inn ekstra førskulelærer frå 01.01-2010. Me får då 3, 67 avdeling som i utgangspunktet er FULLE.

Eg trur dette er eit realistisk budsjett. Sjølv sagt er det lite pengar til utstyr, men det er barnehagen vande med. Personellmessig skal det halda.

Omvikdalen skule får 6,8 mill. Dette er ein auke på 0,450 mill. Det er nokolunde i tråd med personellressursane me har i 2009. Me ligg omtrent midt i løypa når det gjeld ressursar blant skulane i Kvinnherad, og kan difor ikkje klaga på dette.

Me må vera nøysame, og nokre gruppekonstellasjonar blir store. At fleire elevar treng ekstra hjelp, trur eg ikkje me kan løysa fullt ut, men nokolunde.

Omvikdalen SFO har nok ressursar til 3 vaksne, det er flott.

Me har driftansvar for Matre skule, med 0,1 mill. Dette skal vera nok !

Med desse rammene skal Omvikdalen Oppvekstsenter framleis:


- # ha framifrå resultat
- # ha framifrå arbeidsmiljø
- # vera trygt og sikkert

(PS! Inne i vårt budsjett ligg også noko sakshandsamarløn for kommunen sentralt, ca 0,150 mill)

Eg har forventningar om at skulestrukturdebatten ligg nokre år i ro no. Eg håpar også å koma vidare med oppussinga ute og inne, blant anna maling av skulen.

Godt nytt år, om nokon les dette.....

Med helsing
Bjørn Rune Bergane



Rådmannen - Uskedalen oppvekstsenter

Vår ref: 2009/2381

Dato: 07.01.2010

Til: Kjell Odd Nygård

Frå: Vidar Haugland

Notat gjeld: Forventningsbrev 2010 - Uskedalen oppvekstsenter

Mål:

Oppvekstsenteret har ein visjon om å vere ein stad der

”tryggleik, trivsel og glede gir motivasjon til maksimal læring og utvikling for alle.”

I 2010 vil personalet arbeide medvite mot visjonen, i tru på at samvetsfullt, systematisk arbeid vil gje gode resultat.

Økonomisk ramme – konsekvensar:

Kunnskapsutvikling, med 2 lærarar i vidareutdanning og systematisk fagleg samarbeid er eit viktig verkemiddel for å oppnå ønskt utvikling. Læraren er den desidert viktigaste faktoren i alle elevgrupper, men det økonomiske grunnlaget, som gir oss høve til ei god drift med akseptabel lærardekning i alle grupper, er også viktig. For 2010 er Oppvekstsenteret tildelt ei økonomisk ramme på 8,95 mill. Ramma har vi fordelt med ca. 7,463 mill til skulen og 1,487 mill til barnehagen, og ramma er ikkje større enn at ho gir oss utfordringar. Ei forventning om tidleg innsats medfører ressursar til dei minste elevane i skulen. Ved Uskedalen skule er dei yngste prioriterte også dette skuleåret. Neste skuleår startar ei krevjande gruppe på 22 elevar, og fleire ressursar burde vore tilført denne gruppa for å gje dei fullgodt tilbod. Det vert ei stor utfordring, då timetalet til mellomsteget er nedknepe til eit minimum allereie. Neste skuleår vil vi også få ein ny og krevjande konstellasjon, då 7 elevar i 7.klasse må setjast saman med 16 elevar i 6.klasse. Denne gruppa med 23 elevar i 6.-7. klasse er ny, ikkje fagleg sterk, og ho har trong for ressurstilførsel i staden for –reduksjon, slik at elevane på det avgjerande 7.steget får vere skilt frå 6.klassen iallfall i basistimane.


Utfordringar:

Skulebygningen er framleis ei utfordring, og slik det ser ut, finn ikkje politikarane midlar til renovering før tidlegast 2013, og det kan fort bli 2020 før noko skjer. Sjølv om eg fann politikarane feige og handlingslamme då dei vedtok å leggje ned Bringedalsbygda utan å finne plass til elevane, men overlot til bygdefolket å ta den kampen sjølve, håper eg folket i Herøysundet vil samle seg om å sende alle elevane til Uskedalen. Etter mitt syn vil det gje ein betre skule her, og det vil framskande renoveringa av skulebygningen vår.

Eg har gitt signal om at eg vil avslutte leiarfunksjonen min frå 01.01.11, og eg har von om ein god tilsettingsprosess tidleg, slik at den nye leiaren kan tilsetjast frå ca. 01.10.10, slik at vi får 1-2 månader med praktisk samarbeid før eg sluttar.

Vidar Haugland

-verksemdsleiar-



Rådmannen - Bringedalsbygda oppvekstsenter

Vår ref: 2009/2381

Dato: 05.01.2010

Til: Kjell Odd Nygård

Frå: Marie Elisabeth Kaldestad

Notat gjeld: **Forventningsbrev 2010 - Bringedalsbygda oppvekstsenter.**

Økonomiske rammer for 2010.

I budsjettet for 2010 er skulen tildelt mill og barnehagen mill.

Totalt er ramma for Bringedalsbygda oppvekstsenter mill.

Innanfor tildelte rammer skal vi som arbeider ved verksemda gi eit pedagogisk tilbod og fremja ei positiv heilskapsutvikling hjå born i skule og barnehage. Pr i dag har vi ? born som står på venteliste for barnehageplass.

Vi skal sjå til at :

- Tilpassa opplæring til 63 elevar frå 1. – 7. Trinn.
- Spesialundervisning. Skulen har mange elevar som får spesialundervisning. Det er søkt spesialundervisning til ? nye elevar frå hausten 2010.
- To elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn.
- 32 born nyttar barnehagetilbod. 10 born på avd. frå 1-3 år og 22 born frå 2-6 år-
- Ekstra personalstøtte til barn i barnehagen.
- SFO tilbod til ?

Konkrete konsekvensar for barnehagen:

- Stramt vikarbudsjett. Set ikkje inn vikar ved sjukdom eller anna fråvære dersom barnetalet på gruppa krev det.
- Reduksjon på inventar og utstyr.
- - kutt på driftutgifter.

Konkrete konsekvensar for skulen:

- Må løysa fleire og tyngre oppgåver innanfor eit stramt budsjett.
- Få delingstimar på trinn.
- Mange vikartimar på rektor i tillegg til administrasjon og undervisning.
- Mindre kursdeltaking på tilsette.

Mine forventningar er at eg skal klara å driva eit forsvarleg skule, Sfo og barnehagetilbod innanfor dei økonomiske rammene som er tildelt verksemda. Dette skal gjerast på ein god og forsvarleg måte for brukarane av tilbodet.

Året 2020, vil slik eg opplever det, gje oss store utfordringar med å koma ut i balanse med budsjettet. Særs kan dette bli problematisk for barnehagen.

Grunna strame budsjett og nedskjeringar, kjem dette til å bli eit år med lite økonomisk handlingsrom som igjen gir auka press på tilsette.

Brukarresultat – skulen :

Resultat ved nasjonale prøvar må bli betre . Mine forventningar er at vi som arbeider ved skulen saman må arbeida mot å nå betre resultat i basisfag.

Elevundersøking for 5 – 7 trinn syner svært god trivnad hjå elevane. Dei er nøgde med undervisning og med lærarar . Undersøkinga syner vidare at dei likar best fag som kroppsøving, natur og miljø, m.m. Det er viktig at vi klarer å "snu" dette slik at vi får auka kunnskap i basisfag. Skulen har eiga mobbe/trivnad undersøking. Denne samsvarer med elevundersøkinga som syner høg trivnad og lite mobbing.

Brukarresultat – barnehagen.

Barnehagen har fulle avdelingar og born på venteliste for barnehageplass. Den er godt driven og har tilfredse brukarar. Satsingsområde er å driva barnehagen etter Regio Milia filosofi. Dette inneber etiske retningslinjer for born og vaksne – og korleis dei vaksne møter borna.

Medarbeidarresultat.

Bringedalsbygda oppvekstsenter har godt kvalifiserte medarbeidarar både i barnehage og skule. Tilbakemeldingar frå tilsette, er at dei opplever arbeidet meir krevjande dei siste åra. Det som kjem fram i samtalar, er at mange tilsette opplever auke i arbeidsmengd og få personalressursar i barnehage og skule.

Sjukefråvære ved skule og barnehage har gått ned dette året. Vi har arbeid med dette som tema på personalmøter. Dette ser vi har førd til mindre korttidsfråvære ved verksemda.

I 2008 var det 12 % sjukefråvære i barnehage og skule - snitt kommunen 8.5 %.

I 2009 var fråvære 6.2 % - snitt kommunen 8.7 %.

Det vert halda medarbeidarsamtalar vart år med dei tilsette der dei kan fremja eigne behov og ynskjer for arbeidet. Her vert det og teke opp andre forhold som er relevant for eige arbeid og arbeidsforhold.

Samfunn.

Oppvekstsenteret har eit framifrå samarbeid med bygda og gode støtte i FAU og føresette til elevar. Det same gjeld for samarbeid med andre etater.

FAU har som satsingsområde å hjelpa til med å fremja positive aktivitetstiltak for elevane og arbeider aktivt mot at skulen ikkje skal bli lagt ned.

I tillegg til dette har vi i desse dagar kjøpt trelavo som skal settjast opp i eit område ved sjøen. Dette skal gjerast i samarbeid med FAU og Herøysund båtlag. Trelavøen skal nyttast til fysisk fostring og fagleg utvikling for barnehage og skule.

Min forventningar :

- Vi som arbeider ved verksemda utfører arbeidsoppgåvene innafor vedtekne rammer og retningslinjer.
- At vi lukkast i arbeidet med å fremja tryggleik, trivnad og fagleg utvikling.
- At vi lukkast i å fremja positiv kommunikasjon og samhandling med andre samarbeidspartnarar.
- At vi lukkast i å redusera sjukefråvære ved verksemda .
- Å gjennomføra medarbeidarsamtalar med alle tilsette å relatere desse til positive og negative utfordringar som den einskilde arbeidstakar har i eigen arbeidsdag.
- Freista å få til gode ordningar for den einskilde brukar /tilsette slik at kvardagen vert best mogeleg for den einskilde.
- Overhalda budsjettet som er tildelt verksemda .

Forventningsbrev 2010 - Undarheim skule

1. Situasjonen - utfordringar:

- Budsjettet vårt for 2008 var kr 18.600.000. Ved budsjettrevisjon på våren fekk me redusert budsjettet med kr 350 000 til 18.250.000. Rekneskapet for 2008 vil gå i balanse. Budsjettet for 2010 er kr 18.000.000. Dei økonomiske midlane våre er sterkt reduserte dei siste åra.
- I stor grad er dei midlane me har lønsmidlar. Me kan ikkje redusera postane for fritt skulemateriell og læringsmidlar. Nedskjeringane må difor takast av løn. Det vil seia færre tilsette.
- Me har utfordringar med skulebygget, med dårlege fysiske arbeidstilhøve for tilsette.
- Me har utfordringar med at me manglar tenlege lokale til å undervisa ei stor gruppe minoritetsspråklege elevar, som har rett på norskopplæring.
- Me har utfordringar med at fleire av elevane som kjem til skulen frå hausten av treng store ressursar i form av vaksentettleik.

2. Konsekvensar av redusert drift

i. For brukarane


- Det blir færre grupper/klassar
- Det blir fleire elevar i gruppene/klassane.
- Elevane må venta lengre før dei får hjelp.
- Økonomien tillet ikkje innkjøp av lærebøker i den grad føresette og lærarar ynskjer.

ii. For medarbeidarane

- Lærarane må undervisa større grupper.
- Assistentane må yta hjelp til fleire elevar på gruppene.
- Større press på dei tilsette.

3. Desse forventningane kan de ha til oss på Undarheim skule.

- Me skal nytta dei midlane me får på beste måte. Målsetjingane er å halda oss innafor dei tildelte rammene.
- Me vil arbeida for å auka elevane si læringa, og heva dei faglege resultatata.
- Me vil arbeida med å vidareutvikla Undarheim skule som ein god arbeidsplass for dei tilsette.
- Me vil samarbeida med dei føresette og med FAU slik at lokalsamfunnet er nøgde med skulen sin og opplever den som solid og god.
- Me vil arbeida for å bli ein god og inkluderande skule for eventuelt nye elevar frå andre bygder.



Rådmannen - Sunde oppvekstsenter

Vår ref: 2009/2381


Dato: 11.01.2010

Til: Kjell Odd Nygård

Frå: Einar Opdal

Notat gjeld: **Forventningsbrev 2010 - Sunde oppvekstsenter.**

FORVENTNINGSBREV 2010 SUNDE OPPVEKSTSENTER



Sunde barnehage kan oppretthalda dagens tilbod med lønnsbudsjettet for 2010. Driftbudsjettet er som før stramt og gir liten mulighet for oppgradering / fornying inne og ute.

Tilsette ser verdien av at ulike lærings- og meistringsarenaer byggjer opp og har positiv innverknad på undervisning generelt. Me er stolt av å vere ein av skulane i PALS-prosjektet og ser at det er både krevjande og givande arbeid som vil gjera oss til ein endå betre skule. I arbeidet tek me vare på det me allereie har gode erfaringar med og "flettar det inn" so godt me kan i framtida.

Budsjettrammene gir oss mulighet til å halda fram dette arbeidet.

Ramma gir lite rom for tilstrekkeleg oppdatering av undervisningsmateriell og IKT-utstyr.

Skulen kan ut frå tildelt budsjett gi klassar og elevar med vedtak om spesialundervisning ei opplæring som kjem innafør det som vert krevd i opplæringslova. Den samanslåtte klassen, 4. og 5. klasse(småskule/storskule) gir oss ei økonomisk utfordring.


Vedlikehald, oppjustering av bygg, uteområdet og betring av arbeidstilhøve for tilsette, kan ikkje takast av denne ramma. Me forventar midlar til dette for at tilsette skal ha gode arbeidstilhøve og at elevane skal ha eit godt lærings- og trivselstilbod.

Ut frå 2010-budskjettet vil me gjera så godt me kan for at Sunde oppvekstsenter framleis skal ha "vind i segla."

Einar Opdal

(verksemdsleiar)





Rådmannen - Valen oppvekstsenter

Vår ref: 2009/2381

Dato: 10.01.2010

Til: Kjell Odd Nygård

Frå: Steinar Haugan

Notat gjeld: Forventningsbrev - Valen oppvekstsenter 2010

RAMME

Valen Oppvekstsenter har fått ei ramme for 2010 på 10.850'. Dette er ein auke på 478', eller 4,6% i høve til 2009.

Lova legg på oss å gi eit lovleg og godt tilbod til :

- Ca 70 born i fire avdelingar i barnehagen
- Tilpassa opplæring til 120 born på 1. – 7. Trinn
- Støtte til eit funksjonshemma barn i barnehagen
- Spesialundervisning til ni elevar. Av desse to med store atferdsavvik
- Fire born med minoritetsspråk
- Fire born i fosterheim, dels med store hjelpebehov i skulen
- SFO for 40 – 45 elevar

SKULEN

I fjor vart skulane pålagde å gjera ganske store innsparingar. Dette gjekk hardt ut over dei midlane me har til innkjøp og drift, nemleg 62000kr eller 12 %.

Røynslene våre tilseier at auken på 4,6 % går med i lønsauke. D.v.s. at me ikkje har fått rom for å gjenoppretta nivået på drifta.

Det går elles fram av tal og statistikk for 2009 at Valen skule er ein av dei skulane som driv aller billigast pr elev.

BARNEHAGEN har fulle avdelingar. Han er godt driven og har tilfredse brukarar. Det er den eldste barnehagen i kommunen, upraktisk og tungdriven. Det knyter seg spenning til vedtaket om ny privat barnehage på Valen.

FORVENTNINGAR / UTFORDRINGAR

Forventningane/pålegga frå Staten er :

- Barnehagetilbod til alle
- Og i skulen:
- Timetalsauke i
 - Tidleginnsats
 - Fysisk aktivitet for 5. – 7 trinn
 - Leksehjelp til alle

Lokale fakta :

- Utgifter til tekniske drift av bygg, maskiner og kommunikasjon aukar dramatisk
- Me har lite høve til nødvendig fornying av læremidlar, maskiner og innbu

- Me har problem med å "levera" ynskjeleg kvalitet i.h. kunnskapsløftet

Eg ser berre to vegar å gå :

- A. Staten må løyva ekstra i.h. pålegga dei kjem med, og kommunen må syta for at pengar som er løyvde i rammetilskotet når fram til elevane våre.
- B. Alternativt må me skjera ned på personalet og svekka det pedagogiske tilbodet. Då må Kvinnherad kommune dessverre også redusera forventningane til resultat frå skulane.

SAMFUNN

Valen skule er glad for at me har fått høve til å vera med PALS og har store forventningar til dette systematiske arbeidet heime og på skulen, med den sosiale opplæringa av elevane.

Valen oppvekstsenter er glad for dei avklaringane som i det seinaste er gjort i høve barnehagen og skulen si framtid. Me vonar no at det vert handla i høve planar, framdrift og vedlikehald/ fornying av skulen.

10.01.10

Steinar Haugan
verksemdsleiar